



- eit fyrtårn i vest

Behovsanalyse

Idrettsanlegg i Øygarden kommune



Oversikt over status, plassering og framtidig behov
for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Innhold

1. Innleiing	3
Føremål med behovsanalysen.....	3
Samandrag.....	4
2. Bakgrunn	4
Samfunnsdelen til kommuneplanen	4
Befolkningsutvikling i Øygarden kommune.....	4
Befolkningsutvikling Litle-Sotra og Bildøy	5
3. Korleis skal vi møte framtidig behov?	6
4. Bruk av anlegg i Øygarden kommune	7
5. Plassering av anlegg i Øygarden kommune.....	9
6. Oppsummering/konklusjon:.....	27



I. Innleiing

Føremål med behovsanalysen

Behovsanalysen skal synleggjera idretts- og aktivitetsanlegga i Øygarden kommune, og å sjå dette opp imot venta befolkningsutvikling og utvikling på idrettsfeltet.

Dokumentet inneheld ei oversikt over kommunen sine idrettsanlegg, samt ei analyse av framtidige behov og konklusjon på korleis vi kan planlegge anlegg til fysisk aktivitet og idrett framover.

Behovsanalysen er eit grunnlag for planlegging av investeringar og prioritering av anleggs prosjekter, slik at Øygarden kommune kan stå for ein berekraftig anleggsutvikling tilpassa innbyggjarane sine behov. Målet er ein meir fysisk aktiv befolkning gjennom eit mangfaldig idretts- og aktivitetstilbod i relevante anlegg. Behovsanalysen må sjåast i samanheng med både eigedomsstrategien, Kommuneplanens arealdel og Langsiktig driftsanalyse og investeringsplan (LDIP).

Behovsanalysen forholda seg ikkje til rammebetingelser som finansieringsmoglegheiter. Den viktigaste finansieringskjeldene til store anlegg er tradisjonelt kommunen, men kommunens evne til å finansiere anlegg står ikkje i forhold til forventningane. Dette gjer det enda viktigare å utvikle gode og vel grunna planer for realisering av anlegg.

Kommuneplanens arealdel fastsette kva områder i kommunen som skal nyttas til bustad bygging og kva areal som kan nyttast til andre føremål som idrettsanlegg og rekreasjonsområde.

Samandrag

Behovsanalysen viser at vi har eit stort omfang av anlegg, som samla sett dekkjer behovet til dei nær 40 000 innbyggjarane vi har i Øygarden per i dag. Det er likevel geografiske skilnader, og tilbodet/ledig kapasitet er ikkje jamt fordelt i kommunen. Særleg rundt regionsenteret er det press på idrettsanlegg, mens i sør og nord har vi mindre press.

For å få til god og effektiv bruk av dei offentlege bygga vi har i kommunen, er det viktig å sjå etter potensialet for sambruk. Eit døme på dette er etablering av ny vidaregåande skule på Stovevatnet, der fylkeskommunen har behov for idrettstilbod i samband med skulen. Samt bygging av ny ungdomsskule på Fjell. Gymsalar på skulane i kommunen er også i bruk på ettermiddag/kveldstid, og er eit viktig supplement til dei større anlegga. Det er difor viktig å sjå behovet for idrettsanlegg i samband med mellom anna skular og andre offentlege bygg i kommunen, slik at vi kan henta ut potensialet for sambruk.

Idrettsfeltet er i endring, der dei tradisjonelle idrettane opplever fråfall i medlemsmassen. I arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen vart det vist til eit behov for meir uorganisert aktivitet og utandørs, lågterskel tilbod. Dei siste åra har fleire slike tilbod blitt etablert i kommunen.

2. Bakgrunn

Samfunnsdelen til kommuneplanen

Eitt av hovudmåla i [samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune 2022-2034](#) er at innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet. Idretts- og friluftstilbodet i kommunen har ei sentral rolle i å sikra at vi når dette målet. Vi skal sikra at vi har eit variert aktivitetstilbod slik at vi møter ulike behov blant innbyggjarane våre. Vi skal også sikra at tilbodet står i samsvar med utbygginga i kommunen. Fleire av innbyggjarane har etterspurt meir uformelle lågterskelaktivitetar, betre tilgang på offentlege bygg, og meir informasjon om aktivitetstilbodet som finst i kommunen.

Samfunnsdelen set også fokus på at Øygarden kommune skal vera ein god stad å bu. Å sikra tilgang til idretts- og friluftslivstilbod gjennom kollektivtilbod eller fleksible transportordningar er ein viktig strategi i samfunnsdelen. For å få dette til må vi også ha ei god plassering av anlegg i kommunen, slik at vi sikrar at flest mogleg har tilgang. Senterstrukturen i samfunnsdelen fortel oss korleis vi skal fordela funksjonar mellom dei ulike senternivåa i kommunen. Størst mangfald av tenestetilbod i kommune- og regionsenteret vil styrka senteret som møteplass for alle innbyggjarane i Øygarden. I kommunedelsentera skal vi styrka og vidareutvikla tilbod innan mellom anna fritid og idrett, medan vi kan ha lokale fritidstilbod i lokalsentera. Tilgang til naturområde og nærturterreng er ei viktig satsing for heile kommunen.


Befolkningsutvikling i Øygarden kommune

Per 1.1.2022 bur det meir enn 39 000 personar i Øygarden kommune. 27 prosent av dette er barn under 20 år (SSB). Prognosar for folketalet i Øygarden kommune tyder på at folkeveksten vil ligga på

om lag 0,8 til 0,9 prosent årleg dei neste åra. Vi kan i følge prognosane venta at folketalet i kommunen aukar med om lag 5 000 personar (13 prosent) dei neste 15 åra (Norconsult, 2021).

Prognosen tyder også på at vi kan venta oss ei demografisk endring. Medan folketalet generelt er venta å auka fram mot 2036, ser talet på barn ut til å vera minkande. I 2036 er det venta at 24 prosent av innbyggjarane vil vera barn under 20 år (Norconsult, 2021).

Den viktigaste årsaka til alderssamansettinga endrar seg er at vi blir fleire eldre, som dermed utgjer ein større del av befolkninga. Samstundes kan vi også sjå at talet på barn er venta å minka. I aldersgruppa 6-19 år viser prognosane at vi kan venta ein reduksjon i talet på barn på rundt 340 personar.



Figur 1: Prognose for utviklinga i talet på barn i Øygarden kommune 2021-2036 (Norconsult, 2021)

Befolkningsutvikling Litle-Sotra og Bildøy

Den største veksten i folketalet dei næraste 15 åra er venta å koma på Litle-Sotra og Bildøy. Prognosane for folkevekst tilseier at vi kan venta rundt 18 prosent auke i folketalet i dei fire skulekrinsane som ligg i dette området (Kolltveit, Foldnes, Brattholmen og Hjelteryggen). Dette tilsvarer vel 2 400 personar.

Medan talet på barn i aldersgruppa 6-19 år er venta å verta redusert med fem prosent i kommunen generelt, ser biletet annleis ut i området Litle-Sotra og Bildøy. I skulekrinsane Foldnes og Brattholmen er det venta høvesvis 18 og 16 prosent auke i talet på barn i aldersgruppa 6-19 år. I skulekrinsane Kolltveit og Hjelteryggen er det derimot venta ein større reduksjon i talet på barn, med høvesvis 15

og 20 prosent reduksjon. Totalt for dei fire skulekrinsane i området er det venta at talet på barn i aldersgruppa 6-19 år aukar med fem prosent fram mot 2036.

3. Korleis skal vi møta framtidig behov?

Det finst per i dag ikkje nasjonale, offentlege føringar for kva for anleggsdekning kommunane bør ha.

Handballforbundet tilrår å bruka ei norm på om lag 5 000 innbyggjarar per idrettsflate (handball). I Øygarden kommune har vi per i dag åtte speleflater. Dersom vi legg til grunn normtala til handballforbundet tilsvarer dette at vi har dekning for 40 000 innbyggjarar. Det vil seie at vi har dekning for dagens innbyggjartal. I løpet av dei neste 15 åra er det i følgje prognosane venta ein auke på 5 000 innbyggjarar. Når innbyggjartalet aukar, vil også behovet for anlegg til idrett og aktivitet auke.

Barn og unge, særleg i aldersgruppa 6-19 år, er ei viktig målgruppe for organisert idrett. Samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden har eit gjennomgåande helsefremjande perspektiv. Idrett spelar ei sentral rolle for folkehelsa i heile befolkninga. Både den fysiske aktiviteten som idrett legg opp til, men også det sosiale tilhøyet og møteplassen idretten representerer er viktig for at vi skal ha god helse. Det er difor ein strategi i samfunnsdelen at vi skal ha eit tilbod tilpassa alle aldersgrupper, interesser og funksjonsnivå. Når vi skal møta framtidens behov er det difor viktig at vi ser på prognosar for befolkninga generelt, i tillegg til venta utvikling i talet på barn og unge.

Idrettsfeltet er i endring, og dei tradisjonelle idrettane opplever fråfall i medlemsmassen. Idrettsforbundet opplyser om ein nedgang i talet på medlem på 10-12 prosent det siste året. Samstundes oppstår det nyare måtar å driva idrett på, som for få år sidan ikkje var like aktuelle. E-sport er døme på ein «ny» idrett, som det er etablert klubb for i Øygarden. For å møta framtidig behov er det viktig at vi kjenner til trendar og endringar innan idrettsfeltet.

For å møta måla i samfunnsdelen er det viktig at vi sikrar tilstrekkeleg kapasitet. Då vert det viktig å setta av areal for framtidig utvikling/utviding av eksisterande anlegg. Effektivisering av dagens anlegg er også ein måte å sikra at vi utnyttar kapasiteten best mogleg. For å få dette til treng vi gode data på korleis anlegga våre vert brukt. Kommunen er i gang med eit prosjekt for halltelling, som vil gi oss god oversikt over korleis hallane vert brukt i dag, og kor vi har potensiale for betre utnytting. Det vert også viktig at vi ser på potensialet for sambruk av bygg. Kommunen har mange gymsalar som er i bruk til idrettsføremål. Det vert viktig å sjå på potensialet for utvida sambruk, også med andre aktørar. Eit viktig døme på dette er når fylkeskommunen skal bygga ny vidaregåande skule på Stovevatnet. Her er det eit potensiale for god sambruk av bygg i eit viktig sentrumsområde, som samstundes vil bidra til å skapa liv og aktivitet i sentrum også etter skuletid.


I arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen etterlyste innbyggjarane meir uorganisert aktivitet og lågterskel tilbod. Dei siste åra har fleire slike tilbod blitt etablert i kommunen, gjerne i samarbeid med frivillige og/eller private aktørar. Sykkelpena i Spildepollen, skatebane på Straume og nærmiljøanlegg/tuftepark på Hellesøy er døme på slike tilbod som har kome til dei siste åra.

4. Bruk av anlegg i Øygarden kommune

Generelt har vi god anleggsdekning i kommunen. Vi har ikkje nøyaktige tal på utnyttingsgraden per i dag, mellom anna sidan ein del gymsalar blir brukt av treningsgrupper som ikkje er medlem i idrettsforbund, og dermed ikkje blir ført statistikk over. Gymsalar har også andre brukarar, som ikkje er registrert i Norges Idrettsforbund sine register; korps, kor, og andre uregistrerte grupper. Prosjekt halltelling som vert sett i gang i kommunen vil bidra til betre statistikk. Eit estimat av anleggsbruken, basert på mellom anna data frå Norges idrettsforbund, tilseier likevel at vi kan rekna med om lag 60 prosent utnytting av anlegga i kommunen (hallar, svømmehallar/-basseng og gymsalar). Det er dermed eit stort potensiale for å utnytta kapasiteten betre. For Hjeltefjorden arena, Sundhallen, og Spildahallen er anleggsdekninga god, frå 150 – 200 brukarar per idrettsflate. Dette gir mykje gode treningsmoglegheiter for dei idrettslaga som er knytt opp mot desse anlegga. For Ågotneshallen har noko fleire brukarar, om lag 400 per idrettsflate.

I Øygarden kommune er det størst press på dei områda som er knytt opp mot Sotra arena og Bildøyhallen. I nedslagsfeltet til desse anlegga bur det om lag 15 000 personar.

Idrettslag som er knytt opp mot anlegga har pr 30. april 2020 ei medlemsmasse på om lag 3 300 totalt (inne- og uteidrettar). 2 200 av desse brukar innandørs idrettsflater; handball, volleyball, badminton m.m. Av dei som brukar innandørs idrettsflater er om lag 1 000 medlem knytt til turn, og har eigen turnhall. Desse medlemmane brukar også gymsalar i området Bildøy, Litle-Sotra, Kolltveit/Knappskog.



Figur 2: Kart som viser plassering av Bildøy idrettsanlegg/Bildøyhallen og Sotra arena/Straume idrettspark

Kartet viser områda som er mest knytt opp mot anlegg på Bildøy/Litle-Sotra, som også er hovudpressområdet for bruk av idrettsanlegg

Kunstgrasbaner:

700 medlem brukar kunstgrasanlegga frå og med Ågotnes og nordover i kommunen (6 kunstgrasbaner og ei grasbane)

1200 medlem i Sotra SK brukar fire kunstgrasbaner (privat/fotballhall)

500 medlem brukar baner i sør; ei kommunal kunstgrasbane og tre private. I tillegg er det ei grasbane i sør.

260 medlem brukar Skålevik kunstgrasbaner; to kommunale baner.



Figur 3: Bildøy idrettsplass



Figur 4: Ågotnes idrettsanlegg

5. Plassering av anlegg i Øygarden kommune

Folketalet og venta folketalsutvikling er viktige faktorar når vi ser på kor vi har plassert idrettsanlegga våre i dag, og korleis vi kan bruka dei i framtida.

Øygarden kommune har fleire store idrettsanlegg/idrettshallar som er i kommunal eige. Anlegga er av ulik storleik, og blir brukt på ulike måtar. Det er også fleire idrettsanlegg, banar og andre typar anlegg som er eigd av idrettslag i kommunen. Desse er ikkje tatt med i denne oversikta.

I Øygarden kommune har vi i dag ei spreidd plassering av idrettsanlegga våre. Dette sikrar at vi har tilgang til idrettsanlegg i heile kommunen. Vi har også eit godt utbygd tilbod for svømming i kommunen. Desse anlegga er geografisk godt fordelt, men det er varierende kor mykje dei er i bruk. Bruk og brukstid for svømmehallane og -bassenga blir skildra nærare seinare i dokumentet.



Figur 5: Telavåg stadion

Fleirbrukshaller/idrettshallar:

Hjeltefjorden arena	idrettsflate og svømmehall
Ågotneshallen	idrettsflate
Bildøyhallen	idrettsflate
Sotra Arena	idrettsflate
Spildahallen	idrettsflate
Sundhallen	idrettsflate

Fotballbanar/gras/kunstgras/grus/friidrett:

Nesemyra kunstgrasbane
 Rong kunstgrasbane
 Toftøy idrettsanlegg
 Ågotnes Idrettsanlegg
 Skålevik idrettsanlegg
 Bildøy idrettsanlegg
 Spildepollen kunstgrasbane


Svømmehallar og -basseng:

Hjeltefjorden arena og svømmehall	25 m basseng, stupetårn, barnebasseng
Rong terapibasseng	12,5 basseng
Ågotnes skule, svømmehall	25 m basseng
Fjell U.skule, Bildøy, svømmebasseng	12,5 basseng
Ulveset skule, svømmebasseng	12,5 basseng
Straume Terapibasseng	12,5 basseng
Stranda svømmehall	12,5 basseng

Anlegga som ligg på Bildøy og Litle-Sotra er mykje i bruk, og det kan vera kravande å få tildelt tid i desse anlegga. Effektivisering av anlegga er viktig for å auka kapasiteten. Ved å få til meir effektiv

bruk av treningstider, og betre utnytting av banekapasiteten, til dømes ved å få fleire inn på kvar trening, kan vi bidra til å auka tilgjengelegheita slik at vi i større grad møter behovet.

I dei andre delane av Øygarden kommune er det mindre press på bruken av anlegga. I hovudsak har idrettslaga som er knytt opp mot desse anlegga nok treningstider. I periodar kan det også vera ledige treningstider i desse anlegga.



Anlegg som ikkje er lagt inn på kartet:

Fjell-ly	Bowlinghall	Fjell-ly IL (p)
Bibelskulen	Bibelskulehallen	Bibelskulen Bildøy (p)
Sotra Kampsportsenter	Kampsportsenter	Sotra Kampsportsenter (Toftøy) (p)
Sotra Tae-kwondo	Treningssal	Sartor senter (p)
Vikingene karateklubb	Treningssal	Sartor Senter (p)
Ågotnes karateklubb	Treningssal	Ågotnes (p)
Sotra Karateklubb	Treningssal	Straume/Sartor Senter (p)
Fjell karateklubb	Treningsal	Tellnes skule (p)
Liaskjershallen	Idrettshall	Liaskjæret (p)
Sotra Dykkarklubb	Klubbhus	Apalvågen/sekkingstad (p)
Kobbeltveit golfpark	Golfanlegg	Kolltveit (p)
Grønappen	Skateanlegg	Straume/Sartor senter



Figur 6: Sykkelbane i Spildepollen

Idrettsanlegg (idrettsanlegg, hallar og baner) i Øygarden kommune med ulike brukarar:

<u>Anlegg og plassering</u>	<u>Byggeår/status</u>	<u>Aktivitetsflate</u>	<u>Brukarar</u>
Bildøyhallen Bildøy v/Sotra VGS/Fjell U.skule		Ei idrettsflate/gulv (parkett) 1. stk handball, 8 stk badmintonbaner, 3 stk basketballbaner, 3 stk. volleyballbaner	Sotra Sportsklubb, handball Sotra Badminton club Sotra Volleyballklubb Sotra sportsklubb, basket Sotra Sportsklubb PU
Bildøy idrettsplass		2. stk grusbaner, fotball	

Bildøy v/Sotra VGS/Fjell. U.skule			
Hjeltefjorden arena/ (svømmehall) Rong v/Øygarden U.skule		En idrettsflate/gulv (parkett) 1 stk idrettsflate (handball) 5 stk badmintonbaner 3 stk basketbaner 3 stk volleyballbaner Festepunkt for turn	Skjergard IL KRIK 18 +
Nesemyra idrettsplass: Tjeldstø v/Tjeldstø barneskule		1 stk kunstgressbane – (11 ar bane), kan deles i 9, 7, 5 ar baner	Skjergard IL
Rong idrettsanlegg: Rong v/Rong kulturhus og Øygarden U.skule		2 stk kunstgressbane, (11 ar bane) som kan deles i 9, 7, 5 ar baner	Skjergard IL Rong IL
Skålevik kunstgrasbanar: Skålevik v/Skålevik skule		1. stk kunstgrasbane 11-ar bane 1. stk kunstgrasbane 9-ar bane Banane kan delast opp i 9-, 7-, og 5-ar banar	Nest Sotra Fotball

Anlegg og plassering	Aktivitetsflate	Brukarar
Sotra Arena: Straume idrettspark, Straume	3 stk idrettsflater/golv (sportsgolv) 3 stk handball, 8 stk badmintonbaner	Sotra sportsklubb, handball Sotra badminton club Sotra volleyballklubb

	3 stk basketbaner 3 stk volleyballbaner Fester for turn	Sotra sportsklubb, basket Sotra sportsklubb, turn Straume karateklubb Sotra sportsklubb, boksing
Vert brukt til trening og seriespel for handball, basket, badminton, volleyball		
Spildahallen: Spildepollen v/Spildepollen skule	1 stk idrettsflate (sportsgulv) 1 stk handballbane 3 stk basketbaner 3 stk volleyballbaner	Sund handballklubb Sotra taekwondo-klubb Glesnes UIL Sund sportsklubb Telavåg IL
Vert brukt til trening og seriespel for handball, basket, volleyball		
Spildabana Spildapollen v/Spildepollen skule	1 stk kunstgressbane Banen kan deles opp i 9., 7., 5. ar baner	Telavåg IL Sund sportsklubb Skogsvåg IL
Vert brukt til trening og seriespel for fotball		
Sundhallen: Skogsvåg v/Skogsvåg skule og Sotra VGS	1 stk idrettsflate (sportsgulv) 1 stk handball bane 5 stk badmintonbaner 3 stk basketbaner 3 stk volleyballbaner	Sund sportsklubb Skogsvåg IL Sund handballklubb
Vert brukt til trening og seriespel for handball, basket, badminton, volleyball		
Toftøy Idrettsplass:	1 kunstgrasbane - 9-ar bane (kan deles opp i 9-, 7- og 5-ar baner)	Skjergard IL Nordre fjell friidrett NSU fotballakademi
Vert brukt til trening og seriespel for fotball og friidrett (yngre klassar)		


<u>Anlegg og plassering</u>	<u>Aktivtetsflate</u>	<u>Brukarar</u>
Ågotneshallen:	1 idrettsflate (sportsgulv) 1 stk handballbane	Nordre fjell handball Nordre fjell friidrett

Ågotnes v/Tranevågen U.skule og Ågotnes barneskule	5 stk badmintonbaner 3 stk basketbaner 3 stk volleyballbaner Klatrevegg	Morlandstø sandvolleyballklubb Nordre fjell, fotball
Vert brukt til trening, turneringar og seriespel for handball, basket, badminton, volleyball		
Ågotnes Idrettsanlegg: Ågotnes v/Tranevågen U.skule og Ågotnes barneskule	1 stk grasbane (11 ar) 1 stk kunstgrasbane (11 ar) 1 stk kunstgrasbane (9 ar) 1 stk kunstgrasbane (7 ar) Friidrettsanlegg m/løpebane og hoppegroper mm Friplass	Øygarden fotballklubb Nordre fjell fotball Nordre fjell friidrett NSU fotballakademi
Vert brukt til trening og seriespel for fotball og friidrett (turnering)		

Kapasiteten i idrettshallane er godt utnytta, og dei tildelte tidene tilseier at idrettshallane stort sett fullt ut er i bruk, men halltellesystemet vil gje oss bedre data på faktisk bruk.



Skular og svømmebasseng –
Øygarden kommune



Svømmehallar:

Anlegg og plassering	Aktivitetsflate	Brukarar	Bruk (ikkje skule)		
Hjeltefjorden arena og svømmehall Rong v/Øygarden u.skule	25 m basseng stupetårn barnebasseng badstu Offentleg bading (ansv. Øyane svømmeklubb) – 3 dagar i veka	Øygarden svømmeklubb Øygarden fridykkarklubb Øyane svømmeklubb Øygarden ungdomsskule Kommunale barneskuler Kommunale barnehagar Utleige til ulike klubbar	Mandag	1700-2100	
			Tirsdag	1700-2100	
			Onsdag	2000-2100	
			Torsdag	1700-2100	
			Fredag	1700-1900	
			Lørdag	1000-1530	
			Off.bading		
Søndag		1000-1500			
Off.bading					
Bassenget er mykje brukt til trening og offentleg bading, og utleige til lokale og eksterne klubbar.					
Rong terapibasseng Rong	12,5 basseng, ekstra oppvarma (34gr)	Øygarden svømmeklubb Kommunale tenester Kommunale barnehagar Kommunale skular Ikkje offentleg bading	Mandag	1700-1900	
			Onsdag	1700-1900	
			Fredag	1000-1200	
Bassenget er mindre brukt til trening, og har ikkje tilbod om offentleg bading.					
Ågotnes skule, svømmehall Ågotnes v/Ågotnes skule og Tranevågen U.skule	25 m basseng	Bergen Vest svømmeklubb Sotra Helsesportlag Cykleklubben sotra TecnipFMC Øygarden havhest Ågotnes Triatlon klubb Offentleg bading (ansv. Bergen Vest svømmeklubb 3dgr i veka)	Mandag	1700-2100	
			Tirsdag	1500-2100	
			Onsdag	2000-2100	
			Torsdag	1700-2100	
			Fredag	1700-1900	
			Lørdag	0800-1000	
			Lørdag	1000-1300 –	
			Off.bading		
Bassenget er mykje brukt til trening og offentleg bading, og utleige til lokale og eksterne klubbar.					
Fjell U.skule, Bildøy, svømmebasseng Bildøy v/Fjell U.skule og Sotra VGS	12,5 basseng	Fjell Barneidrettslag Aktive svømmedamer Bjørkestølen veforening Våge&Foldnes grendalag Fjell Ungdomsskule Kommunale barneskuler Ikkje offentleg bading	Mandag	1800-2100	
			Onsdag	2000-2100	
			Torsdag	1700-2100	
Bassenget er lite brukt til trening og har ikkje tilbod om offentleg bading.					

<u>Anlegg og plassering</u>	<u>Aktivitetsflate</u>	<u>Bruk</u>	<u>Bruk (ikkje skule)</u>
Ulveset skule, svømmebasseng Ulveset v/Ulveset barneskule	12,5 basseng (kan varmes opp ekstra)	Møvik kajakklubb Bergen Vest svømmeklubb LHL Familiebading Kommunale barneskular Kommunale barnehagar Ikkje offentleg bading	Mandag 1700-2100 Tirsdag 1600-2100 Torsdag 1600-2100
Bassenget er lite brukt til trening og har ikkje tilbod om offentleg bading.			
Straume Terapibasseng Straume	12,5 basseng, ekstra oppvarming (34gr)	AFR Klokkepark Helse-Bergen Foldnes skule STS Nevrologigruppe STS Reumatikerlaget Øyane svømmeklubb Fibromyalgilaget Trappen motiveringssenter Helse bergen Fjell U.skule Straume Terapi gruppetrening Sprek og blid Hjelteryggen skule Psykisk helseteam Offentlig bading	Bruk (ikkje skule) Mandag 0830-2100 Tirsdag 0830-2100 Onsdag 0830-2100 Torsdag 0830-2100 Fredag 0900-2100 Lørdag 1000-1500 (offentleg bading, ansv. Øyane svømmeklubb) Søndag 1000-1500 (offentleg bading, ansv. Øyane svømmeklubb)
Bassenget er mykje brukt til trening, opptrening og i kommunal regi/aktivitetar, og offentleg bading.			
Stranda svømmehall Steinsland v/Stranda barneskule og Sund Ungdomsskule	12,5 basseng	Sund Røde kors Vannsprett Øygarden Brann og redning Kommunale skuler Kommunale barnehager	Mandag 1800-1900 Onsdag 1800-2100 Tirsdag 1700-2100 (offentleg bading, ansv. kommunalt) Torsdag 1700-2100 (offentleg bading, ansv. kommunalt)
Bassenget er lite brukt til trening.			


Oppsummering svømmebasseng:

Øygarden kommune har i dag sju svømmebasseng. Av desse har vi to terapibasseng som er ekstra oppvarma. Bassenga på Ågotnes, Hjeltefjorden og Straume terapibasseng er dei bassenga som er mest i bruk etter skuletid, medan bassenga på Ulveset og Bildøy er minst i bruk.

Det er i stor grad svømmeklubb og private lag og organisasjonar som står for bruken av svømmebassenga i kommunen.

Øyane svømmeklubb har i dag 442 medlem, med hovudkontor på Askøy (Askøy Idrettsråd), og aktivitetar på Askøy og i Øygarden. Bergen Vest svømmeklubb har i dag 770 medlem. Dei held i hovudsak til i Bergen kommune, men har også aktivitetar i Øygarden. Tal på kor mange av medlemma i svømmeklubbane som er busett i Øygarden kommune er ikkje tilgjengeleg.

Andre små klubbar er også brukarar av anlegga. Her er til saman om lag 200 medlem busett i Øygarden kommune.



Gymsalar i Øygarden kommune:

Desse skulane har gymsalar:

Tjeldstø skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Blomvåg skule	Lite utlånt og bruk på kveld (lagt ned fra aug. 2022)
Rong Skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Toftøy skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Landro skule	Middels utlån og bruk på kveld
Ågotnes skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Knappskog skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Kolltveit skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Fjell skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Fjell U.skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Liljevatnet skule/barnehage	Mykje utlån og bruk på kveld
Bjørøy skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Foldnes skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Hjelteryggen skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Brattholmen skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Ulveset skule	Mykje utlån og bruk på kveld
Skålevik skule	Lite utlånt og bruk på kveld
Sund. U skule	Lite utlånt og bruk på kveld

Tidlegare skulebygg med gymsal:

Algrøy skule/gangstøgarden	Grendalaget
Misje skule	
Glesnes skule	
Tellnes skule	
Ekerhovd skule	
Klokkarvik skule	
Syltøy skule	
Tofterøy skule	

Idrettslag brukar ofte skulane på vinterstid til innetrening for fotballgrupper. Tal for bruk av skulane på kveldstid er usikre, då dei som trener der ofte er grupper som ikkje er registrert i Norges idrettsforbund, og dermed ikkje vert ført statistikk på. Innføring av digital teljing på anlegga vil gjera at vi kan få tal på dette i framtida.

I tillegg til idrettslag og gruppetrening vert skulane og gymsalane også brukt til korps, kor og andre aktivitetar.

Desse skulane har ikkje eigen gymsal, men brukar andre lokale:

Øygarden U.skule	Hjeltefjorden Arena og svømmehall
Tranevågen U.skule	Ågotneshallen
Skogsvåg skule	Sundhallen
Spildepollen Skule	Spildahallen
Stranda skule	Strandahallen

Ballbingar og nærmiljøanlegg:

Øygarden kommune har eit godt utbygd nettverk med ballbingar og nærmiljøanlegg. Lista i vedlegget viser ei oversikt over slike anlegg, og status på desse. Lista er basert på anlegg som har fått spelemidlar. I tillegg finst det anlegg som det ikkje er søkt spelemidlar på. Slike anlegg er ikkje med i oversikta.







Eksisterande nærmiljøanlegg:

Anleggsnr./Anleggsnavn	Sted	Eier	Anleggskategori	Anleggstype	Anleggsklasse	Byggeår	Kommune	Anleggsstatus
64151 Algrøy utmark, turlypper	Algrøy utmark	ALGRØY BYGDALAG	Friluftslvsanlegg	Tur-/skiløype	Nærmiljøanlegg	2012	Øygarden	Eksisterende
22703 Algrøyna nærmiljøanlegg - Leikeplass m/ys	Algrøyna nærmiljøanlegg	ALGRØY BYGDALAG	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	1990	Øygarden	Eksisterende
56857 Areknappen nærmiljøanlegg - Ballbinge	Areknappen nærmiljøanlegg	AREKNAPPEN VELFORENING	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2000	Øygarden	Eksisterende
64735 Bakken skule ballbinge	Bakken skule	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	Øygarden	Øygarden	Eksisterende
61753 Bildøy idrettsplass - Sandvolleyballbane	Bildøy idrettsplass	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Sandvolleyballbane	Nærmiljøanlegg	2000	Øygarden	Eksisterende
73110 Bjørøy idrettsplass - ballbinge	Bjørøy idrettsplass	BJØRØY IDRETTSLAG	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2018	Øygarden	Eksisterende
62277 Bjørøy oppvekststun - orienteringskart	Bjørøy Oppvekststun	BJØRØY OG TYSSØY VELFORENING	Kart	Orienteringskart	Nærmiljøanlegg	2002	Øygarden	Eksisterende
58196 Bjørøy orienteringskart	Bjørøy orienteringskart	BJØRØY OG TYSSØY VELFORENING	Kart	Orienteringskart	Nærmiljøanlegg	2007	Øygarden	Eksisterende
63528 Brevik, friluftshytte	Blomvåg skule - ballbinge	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	Øygarden	Øygarden	Eksisterende
25610 Blomvåg skule - skateboard	Blomvåg skule	ØYGARDEN KOMMUNE	Skateanlegg	Skatepark	Nærmiljøanlegg	2011	Øygarden	Eksisterende
55281 Blomvåg skule nærmiljøanlegg	Blomvåg skule	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	1999	Øygarden	Eksisterende
56059 Brattholmen nærmiljøanlegg - ballbinge	Brattholmen nærmiljøanlegg	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2000	Øygarden	Eksisterende
55556 Brevik skule - nærmiljøanlegg	Brevik barnehage	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2000	Øygarden	Eksisterende
63528 Brevik, friluftshytte	Brevik barnehage	ØYGARDEN KOMMUNE	Friluftslvsanlegg	Dagturhytte	Nærmiljøanlegg	2011	Øygarden	Eksisterende
56855 Eide og Kårtvet nærmiljøanlegg - Balløkke	Eide og Kårtvet nærmiljøanlegg	EIDE & KÅRTVET VEL	Mindre utendørsanlegg	Uten balløkke/-bane	Nærmiljøanlegg	2002	Øygarden	Eksisterende
56853 Ekerhovd oppvekststun - Ballbinge	Ekerhovd oppvekststun	Kobbella grendelag	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2002	Øygarden	Eksisterende
57909 Fjell ungdomsskule - Ballbinge	Fjell ungdomsskule	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2007	Øygarden	Eksisterende
57620 Glesnesparken - ballbinge	Glesnesparken	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2009	Øygarden	Eksisterende
66829 Glesnesparken - ulike anlegg for lek og ballspill	Glesnesparken	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2008	Øygarden	Eksisterende
54985 Grotvika nærmiljøanlegg - ballbane	Grotvika nærmiljøanlegg	GROTTVICA I.L.	Mindre utendørsanlegg	Uten balløkke/-bane	Nærmiljøanlegg	1999	Øygarden	Eksisterende
61755 Grotvika nærmiljøanlegg - Ballbinge	Grotvika nærmiljøanlegg	KNAPPSKOG VEL	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2011	Øygarden	Eksisterende
18230 Haganesparken nærmiljøanlegg	Haganesparken nærmiljøanl.	HAGANES VELFORENING	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2001	Øygarden	Eksisterende
66603 Hald stadion, sandvolleyballbane	Hald stadion	SUND SPORTSKLUBB	Mindre utendørsanlegg	Uten balløkke/-bane	Nærmiljøanlegg	2014	Øygarden	Eksisterende
70244 Hildalshaugen leikepark	Hildalshaugen Velforening	HILDALSHAUGEN VELFORENING	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2011	Øygarden	Eksisterende
75380 Hildingsbu, dagsturhytte	Hildingsbu Skogssv	BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT OPPGAVEFELLESKAP	Friluftslvsanlegg	Dagsturhytte	Nærmiljøanlegg	2019	Øygarden	Eksisterende
74275 Hjeltefjorden arena - Aktivitetssøype	Hjeltefjorden arena	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2019	Øygarden	Eksisterende
64481 Hjeltefjorden arena, klaterom	Hjeltefjorden arena	ØYGARDEN KOMMUNE	Klatreanlegg	Klatre/buldrevegg (inne)	Nærmiljøanlegg	2017	Øygarden	Eksisterende
74278 Hjeltefjorden arena, trimpark	Hjeltefjorden arena	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Trimpark	Nærmiljøanlegg	2019	Øygarden	Eksisterende
64481 Hjeltefjorden Fjordpark, sandvolleyballbane	Hjeltefjorden Fjordpark	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Sandvolleyballbane	Nærmiljøanlegg	2019	Øygarden	Eksisterende
60631 Hjeltefjorden skule - Ballvegg, klatrevegg, hinderløype	Hjeltefjorden skule	ØYGARDEN KOMMUNE	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2005	Øygarden	Eksisterende
49335 Kallestad - ballbinge	Kallestad	KALLESTAD OG TRENGERED GRENDELAGE	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge	Nærmiljøanlegg	2005	Øygarden	Eksisterende
71988 Kart Sotra og Øygarden	Kart Sotra og Øygarden	GLESNES SPEIDERGRUPPE AV NSF	Kart	Turkart	Nærmiljøanlegg	2010	Øygarden	Eksisterende
57697 Kausland nærmiljøanlegg-fierbruksbane	Kausland nærmiljøanlegg	Kausland velforening	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	2007	Øygarden	Eksisterende
6956 Knappskog bedehus barnepark	Knappskog bedehus barnepark	Knappskog Barnepark	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)	Nærmiljøanlegg	1992	Øygarden	Eksisterende
